

Herand Bygdelag

Referat frå styremøte 20.12.2012

Til stades: Hallvard Hoås Samland, Einar Ystevik, Gerd Ingeborg Haugen, Britt Heidi Selsvik, Sidsel Haugen.

Sak 1

Herand Barnehage

Einar la fram eige notat frå møtet med Jondal Kommune.

Det ble bestemt av vi kallar inn foreldre med born i Herand Barnehage til møte for å drøfte saka vidare.

Frå hausten 2012 er det så lang vi veit 4 born i barnehagen. Desse utgjør 7 plassar. Barnehagen må då ha 2 tilsette. Dette vil ikkje gå i økonomisk balanse.

Styret sitt syn på saken:

1. Barnehage må ha eige styre med minimum 1 representant frå bygdelaget
2. Styret **MÅ** vere seg bevisst sitt arbeidsgjevaransvar
 - Følge opp ansatte
 - Kompetanseheving
 - Økonomi
3. Nytt styre for barnehagen jobbar vidare med saka
 - Krav frå kommunen: Pedagogisk leiing
 - Krav frå Herand Bygdelag: Økonomisk balanse og ansvarlig drift

Styret i bygdelaget meiner at det er vesentlig at medlemmer i styret for barnehagen har eit stort engasjement for arbeidet.

Oppgåver:

Einar skriver om notatet sitt og sender til Ole

Ole sender møteinnkalling med vedlegg til foreldra

Ole sender møteinnkalling til styremedlemmer med vara

Sak 2

Basar

- Alle baker kake. Gerd Ingeborg har oversikt.
- Hallvard ordnar med lån av trekkesystem frå skyttarlaget (Sidsel har snakka med Caroline. Ho blir med og hjelper oss med sjølve trekkinga under basaren.)
- Gerd Ingeborg og Britt Heidi ordnar med salg av kaker/kaffi osv.
- Gevinstar frå julemessa ligg på scena iflg Ingrid (Sidsel har snakka med henne)
- Alle møter kl 1530 (Sidsel kjem litt seinare pga jobb. Einar er bortreist. Bjørg er sjuk.)
- Ole sender innkalling til Jane Lene

Referent Sidsel Haugen